



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/4123 - 16/24969

Saksbehandlar:

Eli Bjørklid

Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:

20.09.2016

Gbnr 22/1 Åsgaard. Gjeld vedtak om å oppheve Lindås kommune sitt vedtak i sak 034/16 knytt til deling etter jordlova.

Lindås kommunen syner til brev frå Fylkesmannen datert 15.08.2016. I dette brevet gjer Fylkesmannen slikt vedtak:

Fylkesmannen opphevar vedtak som gjeld frådelling etter jordlova § 12 på gnr. 22, bnr. 1 fatta av Lindås kommune 16.03.2016.

Kommunen har motteke brevet, men har problem knytt å forstå kva dette brevet tyder.

Lindås kommune har lest brevet frå fylkesmannen og forstår det som står der på følgjande måte:

- **Om kommunen endrar vedtaket fører det ikkje til at utfallet i saka for søker sitt vedkommande vert endra.**
- **Fylkesmannen meiner at utfallet i saka ville vorte eit anna om kommunen hadde gjeve løyve til deling etter jordlova. Dersom dette er rett forstått, burde ikkje då fylkesmannen ha venta på landbruksavdelinga si vurdering, før ein stadfesta vedtaket til kommunen?**
- **Dersom handsaminga av klagen i sak 034/16 som fylkesmannen no har gjort, legg opp til heilt ny praksis, ynskjer Lindås kommune å få dette stadfesta på generelt grunnlag.**

Lindås kommune vil og understreke følgjande:

- **Kommunen sitt vedtak i høve til §12 er ein følgje av fylkesmannen si eiga tilråding i brev datert 04.01.2016. Dette er ikkje kommentert eller drøfta i brevet datert 15.08.**
- **Kommunen har handsama tilsvarande saker på same måten minst sidan februar 2011, og ser ikkje klart kvifor vedtaket frå fylkesmannen kjem nettopp i denne saka.**

Nedanfor vil ein freiste å klarlegge kva det er som gjer forståing vanskeleg. Så vonar kommunen at fylkesmannen kan klargjere saka nærare, før ein eventuelt tek saka det gjeld opp til ny vurdering.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Om saksgangen

Søknaden om deling av grunneigedom gbnr 22/1 i Lindås kommune kom inn like før jul i 2015. I brev datert 15.12.2015 vart høyringssak sendt til fylkesmannen. Saka var utgreidd, men stilling var ikkje teke til kva kommunen skulle meine. Vurderinga som er gjort av kommunen syner likevel at kommunen meiner deling etter jordlova §12 må gå an i denne saka, medan dispensasjon etter pbl §19-2 truleg ikkje kan imøtekommast.

Svaret frå fylkesmannen ligg føre i brev datert 04.01.2016, og må forståast dit at uansett lovverk vil «Fylkesmannen rår sterkt i frå at det vert gjeve dispensasjon til frådeling av to bustadtomter.»

Grunngjevinga for denne uttalen er slik kommunen les den, sterkt tufta på grunnar og tema knytt til jordlova §12 og omsyna til landbruk i LNF området.

På denne bakgrunnen vart saka lagd fram for Plan- og miljøutvalet i møte 16.03.2016 med saksnummer 034/16. Innstillinga var negativ både i høve til jordlova og i høve til plan- og bygningslova, slik §19 krev. I saka er høyringssvaret frå fylkesmannen teke med, men administrasjonen peikar på at ein ikkje er samd i fylkesmannen si framstilling av ulempene for landbruket. Politikanrane står samrøystes bak rådmannen si innstilling.

I brev til kommunen datert 07.04.2016 klagar tiltakshavar på vedtaket til Plan- og miljøutvalet. Med dette brevet føl og uttale til saka frå Statens vegvesen. I trå med si nye rutine, gjev dei utsegn om at det kan påreknast løyve til utkøyring, men at dei ventar på om kommunen gjev løyve til deling.

Klagen vert teke opp til handsaming i Plan- og miljøutvalet i møte 25.05.2016 som sak 060/15. Rådmannen si innstilling er negativ også i høve til jordlova, då det ikkje er komme nye argument som synleggjer at deling vil vere så viktig for landbruket at fylkesmannen si tilråding bør settast til side. Argumenta er dei same som vart lagd fram i høyringsdokumentet i desember, og som då vart vist tilbake av fylkesmannen. Utvalet stadfestar rådmannen si innstilling, og saka går til fylkesmannen for handsaming av klagen.

Frå fylkesmannen får kommunen først eitt svar datert 13.07.2016. Det er stila til Byggesak, men kommunen oppfattar det som eit svar på delingssaka. «Fylkesmannen i Hordaland stadfestar Lindås kommune sitt vedtak av 16.03.2016 sak 034/16 om å nekte dispensasjon og løyve.»

Det står ikkje at stadfestinga berre gjeld nekting av løyve etter plan- og bygningslova. Likevel vert «Klage over avslag etter jordlova §12 vert handsama av Fylkesmannen som eige sak».

Dette er etter Lindås kommune si erfaring noko nytt. Det står heller ikkje noko grunngjeving for dette jf. ordlyden i vedtaket om stadfesting, der jordlova ikkje er nemnt eksplisitt.

Først 15.08.2016 får kommunen Fylkesmannen sitt vedtak som sitert i opninga av dette brevet. Dette er ein måned etter at det førre vedtaket om stadfesting vart sendt.

Av fylkesmannen sitt brev datert 15.08.2016, må ein forstå at fylkesmannen meiner at grunngjevinga knytt til jordlova kan vere avgjerdande for utfallet i saka som eit heile. Kommunen finn det då rart at

fylkesmannen sjølv ikkje har venta på synspunktene frå landbruksavdelinga før ein fatta vedtak om stadfesting? Kanskje kunne klagen vore komme i møte om ein hadde venta?

Nokre korte kommentarar:

Kommunen sitt vedtak om å nekte deling etter jordlova §12 er tufta på fylkesmannen sitt syn slik det kjem fram i høyringssvaret. Kommunen var ikkje samd i denne framstillinga av sakstilhøva, men tok fylkesmannen sitt syn til etterretning. Dette kjem fram på nest siste side i førbuinga til sak 034/16.

Lindås kommune har den oppfatninga at det er vedtaket etter plan- og bygninglova om dispensasjon som er avgjerande i denne og alle andre saker av same art. Dersom det ikkje ligg til rette for å gje dispensasjon frå LNF føremålet i gjeldande plan, kan ein ikkje gje løyve til deling, sjølv om det ligg til rette for å gje løyve til deling etter jordlova. Det vil seie at argumenta i jordlova ikkje kan nyttast som grunngeving for å gje løyve til deling, om argumenta etter plan- og bygningslova ikkje ligg føre.

Med andre ord vil oppheving av halve vedtaket i sak 034/16, slik fylkesmannen gjer i brevet datert 15.08.2016, ikkje føre til endring av utfallet i saka. Kommunen synes då det virker litt rart å skulle endre sitt vedtak slik at ein gjev løyve etter jordlova til å dele frå arealet det er søkt om, medan resten står uendra.

Kommunen stiller seg til rådvelde for dialog med Fylkesmannen i denne saka.

Med helsing

Frøydis Ones
konst. avdelingsleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN